


bergbrusen hang som kvite slør utover svarte hamrar, og det var synet av myrane, når myrulla stod med lubne silkekvite hovud. Når landvinden gjekk over myrane, dūva myrulla i lange mjuke bårer, og vart ein eventyrsjø med bårer av sølv. Så fór sommaren, og ein visste ikkje ordet av før det var haust, og fjellet brann i sterke fargar. Og så ein dag var det slutt på visa, og ein laut flytte ned i bygda.

— — —

Mange år seinare hende noko underleg:

Eg hadde gått til sengs ein kveld, men fekk ikkje sova. Det var noko som plaga meg — vonde tankar mol og mol inne i hovudet og jaga søvnen vekk. Eg prøvte å tenke på eitkvart anna, men snart var dei vonde tankane der på nytt og beit seg fast. Timar gjekk — timar så lange, som dei berre kan bli når ein ikkje får sova om natta. Til eg fekk tvinge tankane inn på ein ny veg — eit minne frå barneåra: Saman med gamle Ynnbør vandra eg opp bratta frå Strankå-botnen og nådde opp i skaret. Eg stod framme på bruna og såg ned i Romådalen. Eg såg beint ned i elva, som drog i kvite fossar og stryk utetter dalen. Nede på myrane gjekk myrulla i kvite bårer for landvinden, og bjørkeskogen ranga blad og lauv og fekk ein mjukare fargetone. Sola skein, og det glinsa og blenkte i våte, svarte sva, og på andre sida Romådalen stakk Rogn-nebba nasen til vers og lukta. I same stunda fall ei forunderleg ro over tankar og sinn. Det var som eit par englehender strauk meg varleg over augo, og eg sovna — djupt og trygt.

Ja, du smiler, og det må du gjerne, for eg kan ingen ting forklare. Eg veit berre at når maset og jaget i denne vår opprevne tid blir meg for stridt og trugar med å ta frå meg søvn og uro, så tvingar eg min tanke tilbake til dei lykkelege og omsorgslause barneår. Saman med gamle Ynnbør vandrar eg mot botnar og skar og står på fjellbruna og syg inn det kjente biletet av Romådalen. Og englehender stryk meg over panne og augo, og eg finn den ro og fred som berre fjellet — og vakre minne om fjellet, kan gi.



ARTEMISIA NORVEGICA

Av Gunnar Nissen

*På de høye nunatakker
over breens kalle brem
fristet den forfrosne stakkar
livet i sitt vinterhjem.*

*Bundet var det store øde
i en Fimbulvinters bånd,
alle skogene lå døde
under istids store fonn.*

*Ødemarkens vilde vetter,
stormens kalle Åsgårdsgufts,
i de nordlysklare netter
slo imot den lille tufts.*

*Bøyet lå den spede krone
mot en karrig moder jord,
lyttet til en håpets tone
i orkanens hese kor.*

*Men fra verdensrommets fjerne
dype fløyelsmørke bunn
falt en stråle fra en stjerne
som et kyss på blomstens munn.*

*Og den tenkte: tiden lider,
lille blomst stå fast og gro,
engang kommer bedre tider,
klor deg fast i bergets bo.*

*Dagen rant i myriader
snøkrystallers ild og brann,
og det flommet lyskaskader
over ødemarkens land.*

*Favnet da av solens arme
følte blomsten i sitt skjul
at det rislet kilder varme
i den jord som før var død.*

*Visste da den lille rare
løst var Fimbulvintrens bann,
vårens brusende fanfare
skulle juble over land.*